



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjekontoret  
**Dato:** Torsdag 30. august 2018  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 6/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Gunnvald Aarbø	Nestleiar, <i>leia møtet</i>
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem <b>N.B. Ord for dagen</b> , <i>refr. for S- 41/18</i>
Bodil Nesse	Medlem, <i>kom etter S- 41/18 grunna ugild</i>
Fridleif Lydersen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem

### Varamedlemmer som ikke møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



**Sakliste:**

**Saksnr. Tittel**

**Sak for kommunal  
representant**

- |         |   |   |
|---------|---|---|
| S-41/18 | Tilsetjing av trusopplærar ( <b>Ikkje offentleg</b> ) | X |
| S-42/18 | Referat frå sist møte                                 | X |
| S-43/18 | Meldingssaker   | X |
| S-44/18 | Open post   | X |

**Sak 41/18: Tilsetjing av trusopplærar (Ikkje offentleg iflg. off.lova § 25)**

**Framlegg til vedtak:**

1. \_\_\_\_\_ vert tilsett som trusopplærar i 80% stilling i Fitjar sokn. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale om løn og anna som måtte vedkomma arbeidsforholdet.
2. Dersom \_\_\_\_\_ ikke tek imot stillinga får \_\_\_\_\_ tilbod om tilsetjing.

**Behandla i Fitjar sokneråd 30. august 2018**

**Vedtak (samrøystes):**

1. Randi Lønning Matre vert tilsett som trusopplærar i 80% stilling i Fitjar sokn. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale om løn og anna som måtte vedkomma arbeidsforholdet.
2. Dersom Randi Lønning Matre ikke tek imot stillinga får Elisabeth Vatland Fauskanger tilbod om tilsetjing.

**Sak 42/18: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 13. juni 2018.

**Behandling i Fitjar sokneråd 30. august 2018:**

Referatet frå møte den 13. juni 2018 har medlemene fått tilsendt, men ikkje godkjent tidlegare. Difor er ikkje referatet lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje før innkallinga vart sendt ut. Det er komet ein merknad til referatet..

**Vedtak (samrøystes):**

Referatet frå møtet 13. juni 2018 er godkjent med den endringa som vart meldt inn.



**Sak 43/18: Meldingssaker**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Behandling i Fitjar sokneråd 30. august 2018:**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Rekruttering av kyrkjevertar

Det er fortsatt ikkje nok kyrkjevertar. Soknerådet kom med nokre forslag til personar som kan spørjast, samt forslag om å nytta konfirmantar som kyrkjevertar. Soknerådet ynskjer ei oversikt over kyrkjevertar og ringevikarar.

2. Inspirasjonssamling for sokneråd og stab

Fitjar bedehus er leigd laurdag 15. september til inspirasjonssamling.. Medlemmane vil få uttsendt program for samlinga.

3. Møteplan for hausten

Neste møte i soknerådet vert torsdag 20. september 2018 kl. 18.30. Forslag til møteplan vert sendt ut før neste møte.

**Vedtak (samrøystes):**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Sak 44/18: Open post**

**Norsk luthersk misjonssamband (NLM) ynskjer å låne kyrkja i uke 43 og 44 v/ Harald Rydland**

NLM ynskjer å låna kyrkja til fire kveldsmøter i veke 43 og 44. Soknerådet var einig om at det er greitt sidan det ikkje hindrar kyrkja sin aktivitet.

**Forkorting av namn ved ofring i kyrkja v/Per Drønen**

Kyrkjegjengare ynskjer at ein forklarar kven som ein ofrar til når det vert nytta forkortingar på organisasjonane, til dømes NLA.

**Nytt medlem til frivillighetsnemnda v/Aase Rygg Nøttveit**

Frivillighetsnemda treng eit nytt medlem til å overta for Aase Rygg Nøttveit. Ho ber om hjelp til å finna ein person til det

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....